

Saksprotokoll 17.09.2020 - fylkesutvalet

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 3

Fylkesutvalet har ikkje merknader til heradet sitt forslag til senterstruktur.

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (1A, SV, MDG).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 fekk 3 røyster (1A, SV, MDG).

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser det som viktig og positivt at Voss herad har arbeida fram ein felles arealdel av kommuneplanen, og no får ein kommuneplan med felles planskildring, plankart og føresegner for heile heradet. Planframlegget er hovudsakleg i samsvar med regionale mål og føringar, og støtter også godt opp om FN sine berekraftsmål. Planframlegget vil gi eit godt styringsverktøy for arealforvaltninga i heradet.

2. Fylkesutvalet meiner at arealdelen i stor grad føl regionale føringar for areal- og transportplanlegging. Fylkesutvalet er positive til at det i planforslaget vert prioritert å satsa på fortetting og utbygging i vekstsoner definert i kommuneplanen, samstundes som det er eit mål å oppretthalde og vidareutvikle gode og levande lokalsamfunn i bygdene gjennom ei klårt definert senterstruktur.

3. Fylkesutvalet har ikkje merknader til heradet sitt forslag til senterstruktur

4. Fylkesutvalet har fleire merknader til planframlegget. Med omsyn til kulturminneverdiane i det nye heradet vil merknadane kunne bidra til eit betre planframlegg og styringsreiskap:

a) Fylkesutvalet tar eit generelt atterhald om ikkje kjende kulturminneverdiar i og med at det ikkje er gjort ei registrering i område med ny arealbruk. Ut i frå dette kan krav om arkeologisk registrering koma ved eventuell dispensasjonar i frå plankrav.

b) Voss herad bør arbeide vidare med å definere fleire omsynssoner (H570) for bevaring av kulturmiljø, og desse bør leggast inn i kommuneplanen. Fylkeskommunen ber om at Voss herad prioriterer arbeidet med ein revidert kommunedelplan for kulturminne.

c) Dei listeførte kyrkjene med omsynssone c (SOSI-kode H570) bør få tilknytt retningsliner.

d) Føresegn og retningsliner bør sikre at areal som gjeld utfylling i sjø, vert sendt til regionalt kulturminnemynde.

e) Vestland fylkeskommune viser til at omsynet til forskriftsfreda kulturminne og andre nyare tids kulturminne må ivaretakast på ein god måte. Det bør vidare vurderast å redusere omfanget av tiltaka. For tiltak i FT1(fritids- og turistformål), N20 (nærings) og N21 (nærings), og I A2 (luftsport) ber fylkeskommunen om at ein tek omsyn til eksisterande kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

f) Vinje nærsenter bør av omsyn til kulturmiljøet på Vinje avgrensast i omfang i nordaust.

g) Arealplanen sine føresegner jf. pt. 11.5.2 - *Område bandlagt etter kulturminnelova OM730*, må og omfatta vedtaksfreda kulturminne.